



## Referat

|             |  |          |  |
|-------------|--|----------|--|
| Møte:       | Foreldre- og samarbeidsutal  | Dato:    | 23.01.19   |
| Kl:         | 17.00-19.15  | Stad:    | Halbrend barnehage                                   |
| Desse møte: | Eli Tjørholm, Kristine Wergeland, Cecilie Mjøs Sviggum, Hege Storevik, Sissel Gjervik, Ida Marie G. Aamot, Rebekka W. Solheim<br>Line Sunde Farsund, Ole Bjørn Otternes<br>I tillegg møte : Eva Omdal Følling, ass.styrar og Kari Naustdal, styrar | Forfall: | Erik Slotterøy<br>Gunn Merete Paulsen, Førde kommune |

### Sak 1: Diverse informasjon

**Samanslåing til Sunnfjord kommune:** mykje informasjon og kartlegging av kva som er likt og ulikt i drifta av barnehagane i dei 4 kommunane. Eks. no er dei nye vedtektene. I personalgruppa brukar vi om lag alle møte og fellestid til kurset «Inkluderande barnehage- og skulemiljø», som er spennande og lærerikt.

**Branntilsyn og tilsyn etter «Foreskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule».**  
Godkjende på begge.

### Medarbeidarundersøking:

Den gjennomfører vi annakvart år. Vi hadde 100% svar – det er dette høve ein har til å seie si meining anonymt. Undersøkinga viser at personalet trivest og har eit godt arbeidsmiljø. Det som eg er spesielt nøgd med i år er at svara ligg frå middels til topp. Vi har ofte hatt eit par svar som har skilt seg ut negativt og vi vil jo at alle skal ha det bra på jobb. Meiner den viser eit reelt bilete av korleis vi har det.

Personalet er minst nøgde med:

- utstyr som data og IKT: mangelfullt og gammalt.
- tid til å gjere jobben sin: Vi har den bemanninga som er kravet. Auke i bemanninga er ei kampsak for organisasjonane og til no har vi ikkje fått gjennomslag.
- ikkje nøgd med løna si: dette blir og ei sak som skal samordnast i den nye kommunen.

### Personalsituasjonen

Som det vart informert om på møte i fjor, har vi ikkje kunna oppfylt den nye pedagognorma som var gjeldande frå 01.08.18, fordi vi ikkje hadde ledige stillingar. Utifrå vårt barnetal og grupper skulle vi hatt to heile pedagogstillingar for å oppfylle lova. Vi og Førde kommune har mange assistentar som har fast tilsetning, m.a. grunna 3-4 års regelen som gir rett til fast stilling når du har jobba samanhengande i 3 eller 4 år. Vi fekk dispensasjon for 2018/2019. Mange barnehagar har assistentar som har tatt barnehagelærerutdanning og difor går inn som pedagogar når dei er ferdige våren 2019. Difor blir det ikkje likt. Vi får ei ledig 80 % stilling frå 1. juni. Om vi då kan tilsette pedagog eller det er assistentar som har rett på stillinga veit vi ikkje no. Den nye pedagognorma kan vere ei utfordring. Vi har gode assistentar som vi gjerne vil behalde. På den andre sida vil fleire pedagogar gjere at vi får fleire å fordele leiaransvaret på. Med fleire pedagogar, som alle har rett til 4 t/v førebuingstid, blir det mindre personale att på avdelinga. Pedagognorma burde vore følgt opp med auka bemanning. Stillinga som assisterande styrar blir lyst ut som fast stilling, og styrar håpar sjølvstøtt at Eva søker.

# Halbrend barnehage

Line Sunde Farsund vart valt til leiar og til Hege Storevik nestleiar. Hege Storevik blir då leiar/kontaktperson for foreldreutvalet.

## **Sak 5. Høyring nye vedtekter for dei kommunale barnehagane i Sunnfjord kommune**

Vi gjekk gjennom dei viktigaste endringane og det vart bestemt å sende uttale på følgjande område:

### **§ 4. Opptak – 4.3 Opptakskrets**

Nytt: «Kommunen er opptakskrets, men barnet vil i utgangspunktet verte teke opp i næraste barnehage i den skulekrinsen barnet høyrer til».

Forslag: Næraste barnehage skal erstattast med «ein barnehage i den skulekrinsen ein høyrer til».

### **§ 8. Opningstider og ferie**

Nytt: Stengte barnehagar 24.12 og 31.12. Og «Dersom talet på barn kjem under 6 i ei veke, kan rådmannen fastsette å gje tilbod i anna barnehage».

Uttale: SU ser at stengde barnehagar 24.12 og 31.12 kan vere utfordrande for einskilde foreldre.

For barnehagen er det positivt at ein har stengt, då behovet i praksis er svært lite.

«Dersom talet på barn kjem under 6 i ei veke, kan rådmannen fastsette å gje tilbod i anna barnehage», må presiserast nærare kva det betyr. 6 barn; små eller store? Betyr det jul, påske, haustferie, vinterferie og sommarferie?

### **§ 9 Arealnormer**

Nytt: 4.0 og 5.3 m<sup>2</sup> (nasjonale minstekrav) mot 4.5 og 6.0 som barnehagane i Førde har i dag.

Uttale: Arealnorma må vere som i dag, 4.5 kvm pr. barn 3-5 år og 6.0 kvm pr. barn 1-3 år. Vi har ikkje ein kvadrat for mykje. Mindre areal vil gå på helsa laust for både barn og vaksne.

Styrrar lagar høyringsuttalen, får underskrift av Line og Hege og sender den inn innan 25. januar.

## **Sak 6. Gjennomgang og godkjenning av årsplan 2019**

### **PRESENTASJON AV ENDRINGAR I ÅRSPLAN 2019**

#### **Innleiing:**

Satsingsområdet vårt sidan godkjenning av førre Årsplan har vært «Inkluderande barnehage og skule miljø». Fokuset i denne første delen av prosjektet har gått på korleis undersøke og vurdere lærings og utviklingsmiljøet i barnehagen. Gjennom dette arbeidet har vi tatt med oss kunnskap og innspel til ein omarbeiding av avsnittet dokumentasjon og vurdering. Dette var eit av områda vi fekk tilbakemeldingar på ved førre godkjenning. Vi har ikkje i forkant av desse endringane konkret lese og jobba med årsplanen i fellesskap, men eg og kari har i samarbeid gjort endringar som vi so har tatt opp med pedagogane. Dette i lag med dei innspel vi fekk i førre SU har fått innverknad på dei endringar vi har gjort i årets utgåve av årsplanen.

#### **Endringane:**

Innleiinga side 4: Har er eit avsnitt om innføring av ny rammeplan hausten 2017, erstatta med litt om satsinga «inkluderande skule og barnehage miljø.»

Side 5: Her er tilført eit punkt til om det å være ein «kvardagsbarnehage». Det er for oss viktig

# Hålbrend barnehage

Vedlegg: Foreldreundersøkinga, gruppearbeid

**Kva endringar kan vi gjere for å betre resultatet, dvs. få fleire fornøgde foreldre, på følgjande spørsmål:**

## Informasjon:

Kva kan vi gjere for å få betre resultat på:

« Eg får god informasjon frå personalet om korleis barnet mitt har det i barnehagen?

- På småbarn kan barna være litt utålmodige for å gå, viktig at vaksne kjem bort å fortel litt om dagen
- Informasjonsflyt mellom avdelingane , ved overgang liten til stor, oppdattere skjema og liknande.
- Vaksne som kjem foreldre i møte når dei blir henta når dei er ute
- Førebygge, forventingsavklaring, informasjon på foreldremøte kva kan de forvente ved levering/henting, ulike behov ønsker frå heim og barnehage.
- 2-3 min kvar dag om kva din unge har gjort på

Kva kan vi gjere for å få betre resultat på:

«Eg får god informasjon om innhaldet i barnehagedagen».

- Dialog, ta ein telefon til foreldre når vi lurar på noko, send ein sms.
- Bruke tavle i gangen, facebook når begge foreldra, tavla viktig for ungane
- Munnleg informasjon er det beste

## Levering og henting:

Kva kan vi gjere for å få betre resultat på:

« Korleis personalet møter dykk ved levering av barn?»

- Foreldre må vite kvifor vi ikkje kan møte dei f.eks i garderoben, må komme inn dersom ein ikkje blir møtt i garderoben
- Fornøgd med å bli tatt i mot

Kva kan vi gjere for å få betre resultat på:

« Korleis personalet møter dykk ved henting av barn?»

- Alle foreldre vil ha ein liten bit av kvardagen til barna

Kva kan vi gjere for å få betre resultat på: «Barnehagen sitt mattilbod»

- Grønt innslag ofte, kvardag
- Savner youghurt
- Fast havregrynsgraut dag
- Ønskjer ikkje majones
- Erstatte sukker på havregryna med noko anna
- Personalet må hugse kva den enkelte ikkje skal ha!!!
- Stas med matdag, få lage til seg sjølv.

**Adresse**  
Liavegen 37  
6814 Førde

**Telefon**  
45979798

**E-post**  
kari.naustdal@forde.kommune.no